



Til Norges Bygdekvinnelag sine lokallag og distriktslag

Oslo, 28. april 2025

Søknad om momskompensasjon 2025

Norges Bygdekvinnelags lokal- og distriktslag kan no sende inn søknaden om momskompensasjon for rekneskapsåret 2024.

God moglegheit for å spare pengar

Momskompensasjon er eit verkemiddel for å styrke frivillige organisasjonar. Føremålet er å kompensere for kostnader friviljuge organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

I fjor søkte 259 lokallag og distriktslag, og Norges Bygdekvinnelag sitt sentralledd om momskompensasjon for regnskapsåret 2023. Totalt fekk organisasjonen att kroner 2 463 296 i momskompensasjon. Av dette fekk lokallaga 1, 7 millionar. Det er ei auke 300 000, - samanlikna med året før. Norges Bygdekvinnelag oppfordrar alle lokal- og distriktslag til å sende inn søknad. Alle lag sender søknaden til Norges Bygdekvinnelag som sender den vidare på vegne av laga.

Det er lotteri- og stiftelsestilsynet som behandlar søknadene. Norges Bygdekvinnelag får oversikt over godkjende søknader og beløp som vi skal fordele vidare. Dette får vi vanlegvis i midten/slutten av desember (2025).

Frivillighetsregisteret

Det er eit krav at alle lokale- og regionale lag som skal søke om momskompensasjon skal vere registrert i Frivillighetsregisteret med eige organisasjonsnummer.

Det er heilt gratis å stå i frivillighetsregisteret, og det er enkelt å registrere seg. Gå inn på Brønnøysundregistrene for å registrere laget:

<https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrering-i-frivillighetsregisteret/>

Søknadsprosessen

Bygdekvinnelaget nyttar forenkla søknadsmodell. Det vil seie at søknaden er basert på laget sine samla kostnader. Med andre ord, sum utgifter (kostnader) i rekneskapsåret – teke direkte frå årsrekneskapan. Dei fleste laga skal ikkje korrigere for noko. Kva ein eventuelt skal korrigere for kjem fram i skjema og gjeld ikkje mange lag – om nokon.

Erfaringa frå tidlegare år er at dei aller fleste lokallaga finn rett beløp for brutto (sum) driftskostnader. Likevel er det ein gjengangar at ein korrigerer for kostnader som ikkje har meirverdiavgift, eller andre forhold ein trur ikkje er kompensasjonsberettiga. For lokallag og distriktslag skal ein kunn gje opp summen av dei kostnadene (utgiftene) som laget har hatt i rekneskapsåret.

Lag som har kostnader under 5 millionar treng ikkje godkjenning frå autorisert revisor. Noko som gjeld alle våre lag.

Send inn søknaden

Send inn søknaden elektronisk ved å følgje lenkja frå Bygdekvinnelaget si nettside/e-posten.

*Det enkelte lokal- og distriktslag skal ikkje sende inn signert årsrekneskap eller årsmelding som vedlegg til søknaden. Det er likevel viktig at de har dokumentasjonen tilgjengeleg om lotteri- og stiftelsestilsynet eller Norges Bygdekvinnelag sin revisor etterspør dokumentasjonen. Ulike lag frå Norges Bygdekvinnelag vert kvart år plukka ut til stikk kontroll.

Søknadsfrist: 20. juni 2025

Ta kontakt med Bygdekvinnelaget sin administrasjon om du har spørsmål, vi hjelper deg gjerne!

Med vennleg helsing



Cesilie Aurbakken
Generalsekretær



Astrid Seime
Organisasjonsrådgjevar